



Særskilte preiketekstar 2012-2013

Bakgrunn

I *Allmenne føresegner for hovudgudsteneste* punkt 29, som Kyrkjemøtet 2011 vedtok, står det:

”Preika blir til vanleg halden over evangelieteksten eller ein annan preiketekst som er fastsett av Kyrkjerådet. Forteljningsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten. I særlege tilfelle kan liturgen preika over ein fritt vald bibeltekst”.

I *Ordning for hovudgudsteneste*, punkt 13/Preike står det:

”Predikanten preikar til vanleg over evangelieteksten. Når den første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan den lesast her”.

Også i *Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta (Gudsteneste for Den norske kyrkja, s.8.24)* blir særskilte preiketekstar omtala: ”Dersom det blir preika over ein annan tekst enn evangeliet, kan han lesast rett før sjølve preika. Dersom teksten er lesen som første eller andre lesinga, kan predikanten henta inn moment frå teksten i preika, eventuelt fortelja att teksten eller lesa delar av han på nytt”.

For å syta for at andre tekstar i Bibelen vert utlagde i preika enn evangelieteksten, fastset Kyrkjerådet kvart år nokre andre preiketekstar frå Tekstboka enn evangelieteksten. Eit unntak frå dette er kyrkjeåret 2011/2012, av di den nye tekstboka ikkje var vedteke av Kyrkjemøtet på den tida då ein måtte gjera vedtak om dette. For kyrkjeåret 2012/ 2013 er det mogleg å føra vidare den innarbeidde praksisen med særskilte preiketekstar.

Tidlegare, då ein hadde berre to tekstrekkejer, gjorde ein i regelen vedtak for om lag tolv sundagar og helgedagar i kvart kyrkjeår. Med dei tre nye tekstrekkejerne er det naturleg å velja nokre færre særskilte preiketekstar, og å ikkje henta inn andre tekstar enn dei som ein finn i tekstboka. At det til kvar kyrkjeårsdag òg er ein forteljningstekst som kan erstatta dei oppsette tekstane på gudstenester for born og familiar, gjer at ein kan redusera talet til 7-9 særskilte preiketekstar.

Denne gongen har det av omsyn til tida ikkje vore mogleg å handsame saka i NFG, slik ein har gjort tidlegare. Administrasjonen i Kyrkjerådet gjer difor framlegg om 4 tekstar frå Det gamle testamentet og 4 tekstar frå Det nye testamentet utanom evangelia.

Framlegg til vedtak

Om Bispemøtet gjev si tilsluting til Kyrkjerådet sitt forslag, har Kyrkjeåret 2012/2013 evangelietekstane i 3. rekkja som preiketekst med desse unnataka:

4. søndag i adventstida - Søndag 23. desember 2012
2 Kor 1,18-22 (Ja og amen til Guds lovnader)

2. søndag i openberringstida - Søndag 13. januar 2013
Kol 1,15-20 (Alt det skapte og forsoninga)

3. søndag i fastetida - Søndag 3. mars 2013
Sak 3,1-5 (Anklageren førte klagemål mot Josva)

4. søndag i påsketida - Søndag 21. april 2013
Apg 8,26-39 (Den etiopiske hoffmannen)

4. søndag i treeiningstida - Søndag 16. juni 2013
Salme 22,8-12 (Gud som jordmor)

11. søndag i treeiningstida - Søndag 4. august 2013
1 Mos 21,9-13 (Isak og sonen til tenestekvinna)

15. søndag i treeiningstida - 1. september 2013
Rut 1,7-11.16-19a (Rut og Noomi)

20. søndag i treeiningstida - Søndag 6. oktober 2013
Ef 6,1-4 (Oppseding etter Herrens vilje)

Økonomiske/administrative konsekvensar

Saka fører ikkje til særskilte utlegg for kyrkjelydane eller for Kyrkjerådet.